

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre

Møtestad: Digitalt møte – e-post

Dato: 06.07.2021

Tidspunkt: 10:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigbjørn Hauge	Leiar	Voss herad
Liv-Anne Aanesen	Nestleiar	Modalen kommune
Petter Sortland	Medlem	Høyanger kommune
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Nesbø	Medlem	Vik kommune

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marta Sofie Vange	Stig Nesbø	Vik kommune

Merknadar

Møtet vart gjennomført med svar på e-post.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet. Møteboka er elektronisk godkjent.

Sigbjørn Hauge

Petter Sortland

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 13/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 14/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 15/21	Stølsheimen landskapsvernombord - utbetring av sti - Hallsetstølen til Øvre Berdalsvatnet		2020/18946

ST 13/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 06.07.2021

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 14/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 06.07.2021

Vedtak

Petter Sortland vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

ST 15/21 Stølsheimen landskapsvernombord - utbetring av sti - Hallsetstølen til Øvre Berdalsvatnet

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 06.07.2021

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen og Hordaland Turlag løyve til å tilrettelegge stien mellom Øvre Berdalsvatnet og Hallsetstølen. Området ligg i Vik kommune. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombord punkt VI nr. 5. Det kan plukkast stein i nærområdet til stien. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Det kan leggjast stein i stien der det er våte myrparti og myrhol. Steinane skal hindre at stien vert utvida i breidda og redusera slitasje på vegetasjonen.
- Tiltaka skal ikkje føra til drenering av myrområde.
- Stien skal leggjast til tørre parti i terrenget der det er mogleg.
- Stein til steinlegginga av stien kan plukkast frå steinurene på sørsida av dalføret. Dette skal gjerast så skånsamt som mogleg, slik at det viser minst mogleg igjen i terrenget etter at steinen er fjerna. Det må søkjast om eige løyve til motorferdsel til transport av stein.
- Før tiltaka vert sett i gang, må tiltakshavar ha naudsynt godkjenning til uttak av stein og steinlegging frå grunneigarar og rettshavarar i området.
- Turlaget har ansvar for vedlikehald av stien.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet når arbeidet er sluttført. Rapporten skal ha med bilde av nokre av tiltaka på stien.
- Dersom tiltaket ikkje er gjennomført innan 31.10.2024, må det søkjast om ny dispensasjon til tiltaket.